



SELJE KOMMUNE

Ordfører

Sakshandsamar:

Ottar Nygård

Det Kongelige Finansdepartement

Dykkar ref.

Vår ref.

15/454-4/FE-

Dato:

15.09.2015

Selje kommune - Høyringsuttale - Egedomsbeskatning av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Viser til høyringsdokument, dat. 18.06.15 med høyringsfrist 18.09.15.

Selje kommune har handsama høyringa i Formannskapet 14.09.15, sak FS 066/15 og har vedteke å gje fylgjande samrøystes høyringsuttale:

«Selje kommune vil på det sterkaste gå i mot regjeringa sitt framlegg til endringar av regelverket for egedomskatt av arbeidsmaskiner m.v. i verk og bruk.

Framlegget vil med dette totalt endre dei føresetnadane kommunestyret i Selje la til grunn då ein fatta vedtaket om utbygging av vindkraft på OKLA. Staten som konsesjonsmyndigheit vil med ei slik endring bryte tidlegare avtalte rammevilkår overfor kommunane og dermed også den tillit som må ligge til grunn mellom stat og kommune i slike saker.

Framlegget vil vere eit skot i baugen for framtidig vindkraftutbygging og skape store vanskar for ei god utnytting av ein fornybar energiressurs der kommunane, private og staten kunne spelt på lag.

Framtida vil krevje at vi i langt større grad enn i dag satsar på rein fornybar energi. Ei slik omlegging av skattesystemet vil hindre ein felles «dugnad» for å få dette til og kommunane vil i langt mindre grad tillate bruk av naturen til vindkraft. Kvar framtidig utbygging vil dermed bli ein kamp mot vindmøller i kommunane i ordets rette forstand.»

Høyringsuttalen vert kun sendt elektronisk.

Med helsing

Ottar Nygård
ordfører

Unni Eltvik Hovden
sekretær Servicekontoret

Kopi til:

Geir Kvisten
Ørnulf Lillestøl

Kommunehuset
Kommunehuset

6740 SELJE
6740 SELJE

Postadresse:
6740 Selje

Telefon:
57 85 85 00

Telefaks:
57 85 85 01

E post:
post@selje.kommune.no